

## Ravnum (gnr. 35)

Ravnum. Truleg den eldste av dei 3 gardane her i ein krins som alle opphavelig hadde fuglenamnet *hrafn* som førsteled i namnet. Skrivemåten av namnet har vore ustø og skiftande, men som regel slik at namnet var godt kjenneleg.

Av dei eldste minne om manns ferd her på Ravnum er elles eit gravfunn frå yngre jernalder, der gravgodset m.a. var eit munnbitt av jern.

I skrivne kjelder finn ein at Rawnem i Faaberg i 1517 var med i eit jordbyte, og det ser ut til at garden da var i privat eige. Truleg var og garden enda udelt og bare ein. Ein gard av namn "Ramdem" er med i manntalet for ekstraskatten Gjengjerden i 1528, og brukaren der er da kalla Yffuer Ramdem. Ein merker seg at han svara den utlikna skatten med 1 lodd sølv, som ble innkravt på dei heller større gardar. I år 1594 finn ein "Ramnon" ført i gruppa for "Hallfue gaarde", og namnet vart som ein ser da skrive som det nå blir uttala. I lista over "Tiendekorn" i 1604, var utbreidsla av "Ramne" 1½ tønne bygg, som var det same som t.d. for Øfstedal, Hovland og Randgard.

I alle desse tilfelle ser det ut til at Ravnum enda var ein heil og udelt gard. Men tjuge år seinare er det i ei "Odellsmands Jordebog" av 1624 tydeleg fortalt at det da var 2 gardar i Fåberg med namnet "Raffnemb", som det der er skrive, og det går vidare fram at det på baa gardane da var jordeigande bønder. Brukaren Mogens åtte sjølv jordegods til ei landskyld av 1 hud i sitt Rafnemb, og brukaren Halvor åtte sjølv jordegods til ei landskyld av en halv hud eller 6 skinn i sitt Rafnemb. Det var denne garden som seinare i skrift vart kalla "Ravum lille" eller Øyjordet. - Om denne garden er det før skrevet en liten historikk. Her skal vi sjå litt nærare på saga åt Raffnemb av samla skyld i alt 1½ hud.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er namnet på garden skrive "Raffnumb", og landskylda av garden var framleis 1½ hud ell. 1 hud 6 skinn. Av dette åtte brukaren, som da heitte Oluf, sjølv jordegods til 1 hud og 2 skinn, og ein Oluf Hegsum åtte resten, som altså var 4 skinn. Ein merker seg at landskylda elles og kunne krevjast inn med 2½ bismerpund 4 merker smør. Om garden og gardsbruket der er det så vidare oppgitt at: "Engen (innmarka) er goed, och Kand forbedris, Schoug till gaards brug, Sommer beed I Lorthoell". Ein merker seg elles at buskapen av store husdyr der da var 3 hestar og 15 naut, og at korntienda vart utreidd med 2¾ tønne, som altså svara til ei årsavling på 27-28 tønner. Det er vidare opplyst at garden hadde eiga bekkekværn, som det ble svara ekstra kverntoll av.

Frå 6 år seinare er ei tinglyst sak som tydeleg fortel om koss dei i den tid kunne handle med partar av gardane. Saka er elles etter utskrift av tingboka bokført slik:

### "Ravnum i Faaberg.

Faaberg 14. okt. 1674.

Ollof Joensen, nu boende på Rafnumb, har av Knud Mogensen på Rafnumb tilhandlet sig 4 skind gods i Rafnumb. Ved samme kjøpebrev har han tilhandlet sig 1 skind gods i samme gård av Marta Olsdtr. Dat. 8. okt. 1674."

I mellomtida er det dessutan fortalt at brukaren med farsnamn heitte Oluf Mogensen, og at han hadde ein son som hette Ole. Ole Mogensen gifta seg med Mari Jacobsdtr., og dei fekk fleire born. Dei var: a. Sessel, døypt 1732,

b. Kari, døypt 1734, c. Ole, døypt 1736, d. Sessel, døpt 1738, e. Mons (Mogens), døypt 24.04.1740.

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Raunum" fortalt at landsskylda framleis var 1 hud 6 skinn, og at brukaren Mogens ikkje bare var brukar, men og eigar av garden. Buskapen på dette "Raunum" var da: 3 hestar, 1 føll, 17 naut, 20 sauer og 7 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde 5-6 tønner bygg og litt rug. Vidare er det om garden og gardsbruket oppgitt at "Raunum" ligg i sollia og er lettbrukt, og at "Jordarten er maadelig god, dog lidet Koldlent". Det er opplyst at det var skog til brenneved og gjerdefang og seter med god hamn og slåttar til 3 lass høy. Kverna som hørte garden til var og framleis i bruk.

Tolv år seinare var i 1735 husbondsfolka Mogens Olsen og hustru Lisbet Svedsdtr. vorte samnde om å skifte med borna sine medan dei baa, foreldra, var i live, og den 14. april 1735 var det så skifte på "Rafnum i Fåberg". Ved dette skiftet var jordegodset Rafnum av skyld 1 hud 6 skinn medrekna i arvebuet og utgjorde dermed brutto 214 rd. og netto 206 rd. Arvingane ved skiftet var foruten foreldra dei 3 borna: a. Ole, som da var 28 år og på garden, b. Svend, som var 22 år og soldat, c. Guro, som var 25 år. – Tre år seinare var Svend kome heim fra miitærtenest og han gav da skjøte til broren Ole Mogensen "på 9 skind jordegods i hans påboende gård Rafnum for 84 rd." Skjøtet er datert 14. april 1738.

Men sju år seinare makeskifta i 1742 Ole Mogensen Rafnum og Peder Jonsen Furu gardane sine med einannan. Ole Mogensen fekk elles 190 rd. i mellomlag "da Rafnum er bedre enn Furu". Fem mnd. seinare er Peder Jonsen kalla Peder Jonsen Rafnum, og han lånte da 220 rd. av Engebret Poulsen Haaf mot 1. pr. pant i "sin gaard Rafnum skyldende 1½ hud med bøxel". Men ni år seinare lyste Lisbet Olsdatter og far hennar, Ole Furu, dottera Lisbets odelsrett til Rafnum med den grunngiing at garden hadde vore "hennes fars og forfedres gamle oldel". Dette førde vidare til at etter atter 9 år gav så i 1761 Amund Pedersen Furu odelskjøte til Peder Olsen Ravnum på løysingsretten til garden "Ravnum i Faaberg" for 880 rd.

Peder Jonsen Furu, som hadde Ravnum ei årrekke fra 1742, var gift med Anne Pedersdtr., og dei hadde fleire born. Dei var: a. Syver, f. 1741, og som i 1775 kjøpte Øyjordet, b. Jon, f. 1746, c. Peder, f. 1748, d. på Ravnum i 1780, d. Kari, f. 1752, gift 1773 med Peder Syversen Hage, e. Anne f. 1756, gift 1774 med Iver Larsen Reistad, f. Gunhild f. 1758, d. 1763, g. Beret (tvilling) f. 1758, g. 1781 m. Ole Johansen Øijordet, h. Gunhild f. 1763.

Men i 1773 var husbonden Peder Jonsen død, og det var da atter arveskifte på „Ravnum i Faaberg“. Ved dette skiftet vart jordegodset garden Ravnum av skyld 1½ hud verdsett til 800 rd, og arvebuet utgjorde brutto 1446 rd. og netto 1122 rd., så det var nærast velstand her på Ravnum i den tid. Etter dette var det så først eldstesonen Syver f. 1741 som så hadde Ravnum ei tid, men i 1777 gav han så skjøte til broren Jon f. 1746 for kjøpesum 900 rd.

Sonen Jon Pedersen, som dermed tok over ættegarden Ravnum, gifta seg i 1780 med Kari Siversdtr., og dei hadde i sitt ekteskap 3 søner, nemleg:

1. Ole f. 1780, 2. Peder f. 1782, gift 1815 med Kari Jacobsdtr. Vottestad,
3. Christen f. 1785.

Av ein tinglyst obligasjon av 1781 går det elles fram at Jon Pedersen Ravnum da var ibeit for kontantar, og han lånte da tilsm. 600 rd. av Ole Tomesen Biørstad, Christen T. Biørstad og Christen Chr. Biørstad mot årleg 4% rente og pant i garden Ravnum.

Seks år seinare selde elles i 1787 den framleis daværande eigar av Ravnum det halve av garden, Ravnum av skyld 9 skinn, til Halvor Icachsen Brunloug for kjøpesum 570 rd. og mogleg føderåd. Ein merkar seg med det same at den delinga av Ravnum som det her gjeld, skulle vise seg å bli ei varig ordning, og at den eine av gardane snart vart kalla Ravnum øvre og den andre Ravnum nedre, kvar av skyld 9 skinn.

I mellomtida hadde det elles og vore eldsvåde på Ravnum. Om dette fortel eit tingsvitnemål av 1782 som etter utskrift av tingboka er sålydande:

”Ravnum i Fåberg.

10. okt. 1782.

Jon Pedersen Ravnum meldte til et tingsvidnes erhvævelse om den skade han hadde lidt for tre års tid siden ved en ulykkelig ildebrand på sine hester og fæ m.m. Han fremstillet to vidner som erklærte at de hadde været tilstede ved ildebranden da 3 hus blev lagt i aske. Jon Ravnum begjærte tingsvidne beskrevet.”

Halvor Isachsen, som kjøpte det halve av grd. Ravnum i 1787, brukte sjølv Ravnum av skyld 9 skinn til i 1796, da han skjøta garden over til Christen Syversen for kjøpesum 350 dalar, + føderåd til Halvor Isachsen og hustru.

År 1801 kom det påbod om folketelling, og det var altså da foruten grd. Lille-Ravnum ell. Øijordet to andre gardar av namn Ravnum. Det var a. løpenr. 29 Ravnum der Jon Pedersen framleis var brukar, og der budde det da 1 familie med 6 personar, nemleg:

1. Jon Pedersen, husbonden, 55 år, 2. Kari Siversdtr., kona hans, 51 år,
3. Ole Jonsen, son deira, 21 år, 4. Peder Jonsen, son deira, 18 år,
5. Mari Knudsdtr., enke,, ”Nyder lægd”, 87 år.

Men dessutan budde det ved folketellinga på b. løpenr. 29 Ravnum, der Christen Siversen da var brukar, 3. familiar, og dei var:

1. familie: 1. Christen Siversen, husbonde, 32 år. 2. Marit Halvorsdtr., kona hans, 31 år, 3. Peder Christensen, son deira, 6 år, 4. Hans, son deira, 3 år. 5. Simen, son deira, 1 år, 6. Kari, dotter deira, 4 år, 7. Guri Olsdtr., tenestkvinne, 19 år.
2. famile: 1. Halvor Isachsen, føderådsmann, 66 år, 2. Kari Jacobsdtr., kona hans, 52 år, 3. Sigrid Halvorsdtr., dotter deira, 15 år,
3. famile: 1. Christen Larsen, husmann utan jord, ”gaaer i Dagleie”, 38 år, 2. Anne Jacobsdtr., kona hans, 29 år, 3. Jacob, son deira, 4 år, 4. Sidsill, dotter deira, 7 år.

Same året, altså i 1801, selde Christen Syversen Ravnum gardsbruket Ravnumsbakken til hr. Samuel Akkeleje. Skjøtet ved handelen har elles dette utskrift av panteboka denne ordlyden:

”Ravnumsbakken. Skjøte dat. 1801 april 11. Tgl. 1801, 17, fra Christen Syversen Ravnum til hr. Samuel Akkeleje for Ravnumsbakken med dertil hørende 2 løkker for 111 rd.

Tilføielse: I tilfelle odelsinnløsning, så skal odelsmannen betale kjøpesummen, skjøtets bekostning, avtagsforretningens kostende, alle på plassens huser, gjerder og jordvei anvendt bekostning.

Dessuten tilføielse om: Joen Iversen Fryjordet som har obligasjon i Ravnum, hvorunder Ravnumsbakken henhører, erklærer herved at han ingen rett har til denne plads. Dat. 16. juni 1801.”

Samtidig er det opplyst at Samuel Akkeleje lånte 99 rd. av lensmann Anders Lysgaard mot 1. pr. pant i Ravnumsbakken.

Om lån av pengar handlar og ein sak av 8. desbr. 1808. Saka handlar elles etter utskrift om dette:

”Ravnum.

Kommisjonsforlik. Dat. 1808, desbr. 1. Tgl. desbr. 8. mellom Peder Sønsteli og Jon og Peder Ravnum ang. de 2 sistnevntes gjeld 206 rd. 1 ort 16 s., hvorav 80 rd. skal betales til 4. febr. 1809 og de øvrige 126 rd. 1 ort 16 skilling + omkostninger til 14. april 1809. Til pant: 13 stkr. fe, 30 småcreature og 1 brun fole.”

Sonen Peder Jonsen Ravnum, som her var med ved forliket, gifta seg i 1815 med Kari Jacobsdtr. Vottestad, og dei fekk mange born. Det var:

- a. Johan, f 1815, gift 1847 med Ingeborg Olsdtr. ved nedre Dal,
- b. Karen, f. 1816, død 1817, c. Andreas, f. 1817,
- d. Karen, f. 1819, g. 1854 m. Nils Haagensen v. Reistad, h. Marte, f. 1823.
- i. Johanne, f. 1825, j. Ole, f. 1828, k. Christian, f. 1830.
- l. Christine, f. 1833, g. 1860, m. Kristen Kristensen v. Røine.
- n. Johan, f. 1839, n. Even, f. 1842, g. 1867 m. Ingeborg Kristensdtr. V.Sæter.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om dei to Ravnumsgardane, som her er kalla Ravnum Øvre og Ravnum Nedre, fortalt at dei store husdyr på kvar av gardane da var: 2 hestar og 9 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 40 tønner.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn, fisk og smør, skifta ut i ein matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling, og det vart da matrikulert 3 gardsbruk Ravnum, foruten gdr. Ravnum lille ell. Øijordet. Dei 3 matr.førde bruk i 1838 var: a. Løpenr. 60, Ravnum øvre, av ny skyld: 3 skylddalar 4 ort 22 skilling, der Poul Jacobsen da var oppsittar, b. løpenr. 61a, Ravnum nedre, av ny skyld: 2 skylddalar 3 ort 6 skilling., der Amund Halvorsen var oppsittar, c. løpenr. 61b, Ravnum nedre, av ny skyld 1 skylddalar 1 ort 15 skilling, der Ole Olsen var oppsittar.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det atter publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Da er det vidare oppgitt:

- a. at på løpenr. 60 Ravnum, der Hans var brukar, var da det samla jordbruks-areal av åker, eng og seterlykkjer: 130 mål, og av dette var 54 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet der på Øvre Ravnum hos Hans var: 2 hestar, 11 storfe og 12 småkrøter, og at den årlege utsæd utgjorde kring 6 tønner korn og 7 tønner settepoteter. Nedre Ravnum var da framleis delt, og der var på nedre Ravnum hos Ole det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer: 130 mål og av det 54 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det vidare oppgitt at den årlege utsæd der på Nedre Ravnum hos Ole var: 5½ tønne korn og 5 tønner settepoteter. Men til dette kom så at på nedre Ramnum var det på løpenr. 61b hos Ole Kolberg eit jordbruksareal på ca. 38 mål jord med 21 mål av 1. klasse, og ein årleg utsæd på kring 1 tønne korn og 4 tønner settepoteter.

I 1872 var det skyldsetningsforretning på Ravnum øvre, og setra til garden, ”Aaltjern Sæter” vart da fråskilt garden og selt til Peder Olsen Aspaasen for 70 spd. Men ein merker seg at samtidig selde og kjøparen Peder Olsen Aspaasen den tilhandla Aaltjern Sæter vidare til Nils Mæhlum og Lars Hommelstad frå Land for 100 spd.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og – øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Ravnum fekk da som sitt nye gards-nummer nr. 35 av samla skyld 14,28 mark, og det var da 5 bruksn. under gardsnr. 35 Ravnum. Dei 5 bruksnummer var:

a. Grn. 35 brn. 1 Ravnum øvre av skyld 6,48 mark, som Hans Hansen Ravnum da var eigar og brukar av, b. grn. 35 brn. 2 Aaltjerne Sæter, som Nils Mæhlum og Lars Hommelstad framleis var eigarar av, c. grn. 35 brn. 3 Ravnum nedre av skyld 4,95 mark, som Ole Amundsen var eigar ell. brukar av, d. brn. 4 Ravnum nedre av skyld 2,32 mark, som kjøpmann O. Kolberg var eigar og brukar av, e. grn. 35 brn. 5 Engestykke av skyld 0,22 mark, som og tilhørde kjøpm. O. Kolberg.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd det skiftet at enkefru Agnethe Lundgaard hadde overtatt grn. 35 brn. 1 Ravnum øvre. - Etter dette budde det ved kommunevalet i 1907 elleve personar med røysterett på og/eller ved Ravnum. Dei 11 personane var: 1. gardbr. Ole Amundsen, 80 år, 2. husmor Johanne Erlandsen, Ravnum, 66 år, 3. garbr.son Amund Olsen, Ravnum, 28 år, 4. arbeidar Kristian Eriksen, Ravnum, 59 år, 5. garversvend Nils Kristansen, Ravnumssveen, 40 år, 6. husmor Julie Johansdtr., kona hans, Ravnumssveen, 7. gardbr. Fru Agnethe Lundgaard, Ravnum, 64 år, 8. gardbr.son Bredo Olsen Lundgaard, 31 år, Ravnum, 9. Tenar Kristian Olsen, 31 år, Ravnum, 10. vægter Amund Pedersen, 42 år, Bakkesveen, 11.husmann Even Pedersen, Ravnumsløkken, 65 år.

Av handlar i seinare tid med Ravnumsgardane og/eller parsellar av dei tek vi her elles med at i 1907 ga så Nils Mæhlums sønner Bernt og Hans Mæhlum skjøte til Andreas Qvale på Aaltjern sæter og grn. 112 brn. 5 Nygaard skog i Saksumsdalen for kjøpesum kr. 2.100,-, og samtidig selde Andreas Qvale halvparten av denne eigedomen att til Ole Øijordet for kr. 1.050,-.

Vidare kjøpte i 1912 O. A. Kolberg grn. 35 brn. 4 Ravnum nedre av skyld 2,00 mark, og visstnok same året tilhandla Petter Hattestad seg og grn. 35 brn. 6 Myhren av skyld 0,32 mark.

Bertil Finsveen tilhandla seg i 1918 grn. 35 brn. 7 Ravnumssveen øvre. Vidare overtok i 1918 søstrene Oline og Marie Ravnum ættegarden grn. 35 brn. 3 Ravnum nedre.

Erik Haslum, Bærum, kjøpte i 1938 grn. 35 brn. 1 Ravnum øvre av Marie Lundgaard, og Anders Vaule tilhandla seg i 1943 grn. 35 brn 4 Ravnum søre.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det da 3 bruk under gardsnr. 35 Ravnum med kvar for seg eit jorbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 15 mål (dekar). Dei 3 bruk var:

a. Grn. 35 brn. 1 Ravnum øvre, med et jordbruksareal på ca. 100 dekar, som Erik Haslum altså var eigar og brukar av.,

b. grn. 35 brn. 3 Ravnum nedre, med et jordbruksareal på ca. 60 dekar, som Oline og Marie Ravnum var eigar og brukar av.

c. grn. 35 brn. 4 Ravnum nedre, med eit jordbruksareal på ca. 26 dekar, som Johan A. Borgen da var eiger og brukar av.